



Sommarleg idyll ved Uskedalselva. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Leiinga i Uskedalen Grunn- og Elveeigarlag ventar framleis på spørjeark frå om lag ein tredjedel av dei 42 partshavarane, opplyser leiar Kåre Vetrhus til uskedalen.no

Han ber om at spørjearka, som gjeld verdisetjing av elva, blir sendt inn før årsmøtet på Stemneplassen fredag kveld. Der skal saka drøftast på bakgrunn av spørjegranskinga.

Partshavarane skal kryssa av for eit av desse fire alternativ:

- Ny ordning der det vert betalt ut luter med bakgrunn i kor mykje "elv" du har – den elvelengda du eig.
- Noverande ordning, men med ei tilpassing/meirutbetaling til dei som har låg skyld, mange meter elv, har ulemper og som kjem dårleg ut med dagens ordning. Gjeld nokre grunneigarar.
- 50 prosent av utbetalinga vert delt på antal partshavarar. 50 prosent vert fordelt med bakgrunn i antal meter elv.
- Noverande ordning der det vert betalt ut luter med bakgrunn i skyld.

Av Ola Matti Mathisen